

Stignamn på Leira

Namn på veg inn til det nye høgdebassenget:

Vegen inn til det nye høgdebassenget i Djupedalen mellom Leira og Fagernes er ikkje blant dei vegane som skal adresserast, fordi det ikkje er hus langs vegen. Me har likevel gitt namn til enkelte vegar for å behalde historiske namn i området, og det er aktuelt i dette tilfellet. Ivar Aars har føreslått at vegen får namnet Djupedalsvegen.

Turveg frå Jordisvegen til Svaet og turveg frå bommen på Pilsetvegen til Svaet:

Frå Leira gjekk det fleire åsvegar som vart brukte når dei buførte. Hans Asheim fekk folkehøgskuleelevar med på å rydde to gamle stigar rundt 1980, og skulen har sidan halde dei opne. Asheim veit ikkje noko namn på stigane, men dei går begge opp til grustaket, eller på svaet, som Torkjell Asheim kalla det.

Stigen som startar i Jordisvegen, går oppover jordet til Nørre Måno og vidare oppover parallelt med Leireelve. Eg har vore i kontakt med Arne Månum, som eig Midtre Måno. Han seier at dei berre kalla stigen for Åsvegen, og at den vegen var såpass at dei kunne bruke hest og kjerre eller hest og slede.

Stigen som går opp frå Pilsetvegen, var meir ein kløvjeveg. Arne Månum seier at den òg vart kalla Åsvegen, men føreslo at han kunne kallast Kløvjavegen.

Alternativt kunne vegane kallast Nørre og Sørre åsvegen, meinte han.

Også Oddbjørn Lihagen og Kirsten Onstad meinte at Nørre og Sørre åsvegen var høvelege namn.

Turstig frå Månovøllen til Kvitmøsaknatten

Leira grendelag merkte denne turstigen med blå måling i 2006, og etter det har det vore ein svært populær turstig på Leira, med bok i postkasse på toppen. Stigen har ikkje noko namn i dag, men det er vel naturleg å kalle han opp etter turmålet. Kvitmøsaknattstigen er litt tungt, men det kunne gå an å kalle han Kvitmøsastigen.